



Statens vegvesen

Forkortingar

I veglistene nyttar vi desse forkortingane:

Generelt

- **Bf.** bustadfelt
- Bk bruksklasse
- fk. Ferjekai
- Flypl. flyplass
- <fylkesnavn> gr. fylkesgrense
- g. gate/gata
- N, S, Ø, V himmelretning, nord, sør, øst, vest
- krk. Kyrkje
- x kryss
- P-plass parkeringsplass
- riksgr.<stedsnavn> Riksgrensen, angis med stadnamn bak
- rkj. Rundkøyring
- <Navn> st. stasjon, t.d. Hamar st.
- v. vei, veien eller veg, vegen

Vegar

- E europaveg
- rv. riksveg
- fv. fylkesveg
- kv. kommunal veg
- pv. privat veg
- sv. skogsbilveg
- arm sideveg

Viktig informasjon

Generelt

Vi har seks veglister. Desse er delt inn etter køyretøykategori;

- Normaltransport,
- tømmertransport,
- spesialtransport,
- modulvogntog,
- 12/100 spesialtransport og
- 12/65 mobilkran.

Nytt/gamalt vegreferansesystem og fylke

Vegreferansesystemet i Noreg er lagt om. Det inneber at det er endringar i vegnummer. Det gjeld særleg for ein del fylkesvegar, men også for nokre riksvegar. Du finn oversikt over gamle -> nye vegnummer på www.vegvesen.no/veglister

I samband med Regionreforma 1. januar 2020, blei fleire fylke og nokre kommunar, slått saman. Nokre kommunar har og bytta fylke. Finn du ikkje den vegen du leitar etter, må du prøve og sjå på nabofylket.

Bruksklasse sommar

Bruksklasse sommar er den vanlege, tillatne bruksklassen for vegen, utanom periodar med vinteraksellast og eventuelle periodar med nedsett aksellast i teleløysinga.

Bruksklasse vinter

Tid for innføring og oppheving av høgare aksellast på frossen veg (vinteraksellast), vert kunngjort i lokalpressa/lokalradio. Ordninga gjeld berre for dei strekningane kor det står bruksklasse i kolonna for vinteraksellast i veglista. Ved periodar med mildvær kan ordninga bli umiddelbart oppheva.

Vinteraksellast blir oppheva når teleløysinga startar.

Aksellast i teleløysinga

På fylkesvegar vil det vanlegvis ikkje bli innført restriksjonar av aksellasta i teleløysinga. Omfanget på kommunale vegar, kan variere frå ein kommune til ein annan. Veglista inneheld ikkje opplysningar om aksellast i teleløysinga. Det kan likevel bli innført restriksjonar på einskilde, svake strekningar. Tid for eventuelle restriksjonar og kva for aksellast som gjeld, vil bli kunngjort lokalt. Skilt vil bli satt opp på dei einskilde strekningane.

For opplysning om restriksjonar er innført, må du kontakte den einskilde kommune eller vegtrafikksentralen (VTS) på telefon 175.

Vi ber transportørane og transportbruket om å legge sine transportar til rette slik at belastninga på særleg svake vegar, blir lågast mogleg i teleløysinga.

Særleg for modulvogntog

Frå og med 21. desember 2020 er det tillate å køyre modulvogntog type 1 og 2 samt 24 m lange vogntog, på deler av vegnettet som er tillate for 24 m tømmervogntog. Kva for vegar dette gjeld, finn du i vegliste for tømmertransport og kolonna «tillatt for tømmervogntog». «Ja» tyder at vegen og er tillate for modulvogntog type 1 og 2 og 24 m lange vogntog. Vær merksam på at desse modulvogntoga har same krav til sponing som tømmervogntog. Tillaten aksellast og totalvekt i kolonna «Bk/totalvekt» gjeld og for modulvogntog og 24 m lange vogntog.

Modulvogntog type 1 og 2 som ikkje klarar tømmervogntoget sitt krav til sponing, kan berre køyre på vegar som står i vegliste for modulvogntog. Det same gjeld modulvogntog type 3.

Reglane om tømmervogntog, modulvogntog og 24 m lange vogntog, finn du i forskrift om bruk av køyretøy § 5-5 nr.1, 2, 3 og 7.

- L i veglista tyder at strekninga ikkje er tillate for linkmodulvogntog.
- V i veglista tyder at strekninga har avgrensa tillate totalvekt til maks. 50 tonn i tida mellom 1. november og måndag etter 2. påskedag. I Nordland, Troms og Finnmark gjeld tilsvarande frå 16. oktober – 30. april.

Tømmertransport

Det er tillate å transportere tømmer på vogntog som er mellom 19,5 og 24 m på vegar som er angitt med slik lengde i veglista. Vogntoget må ha minst 7 aksler og være særleg innretta for transport av tømmer. Desse transportane er tillate med ei totalvekt på 56 eller 60 tonn på vegar kor slik vekt er angitt i veglista. Tillate totalvekt er gitt i kolonna for «Bruksklasse/totalvekt» i veglista.

Ordninga gjeld sagtømmer, skurtømmer, rundtømmer med små dimensjonar, massevirke og slipvirke. Flis er ikkje massevirke.

Andre reglar og krav til køyretøy, reglar om returgods og målereglar, finn du i forskrift om bruk av køyretøy kap. 5.

Veggrupper for spesialtransport

Veggruppe A: Vegar som har bruer med fleire køyrefelt, nyare bruer med eitt køyrefelt eller vegar som ikkje har bruer.

Veggruppe B: Vegar med andre bruer med eitt køyrefelt.

IKKJE: Vegar som ikkje er egna for spesialtransport. Desse vegane kan ikkje nyttast av køyretøy som har dispensasjon for spesialtransport utan tidsavgrensing.

Dispensasjonar

Søknad sendest på www.vegvesen.no (Vegsak).

Ny utforming av veglistene etter forvaltningsreforma

Frå 1. januar 2010 blei ein stor del av riksvegane tatt over av fylkeskommunane. Dei blei då fylkesvegar.

Fylkesvegane er delt i tre kategoriar:

- Primære fylkesvegar: Fylkesvegar som var riksvegar før 1. januar 2010
- Sekundære fylkesvegar: Dei viktigaste av dei tidlegare fylkesvegane
- Andre fylkesvegar: Resten av fylkesvegane

Dei primære fylkesvegane har normalt same nummer som dei hadde før forvaltningsreforma. Det vil seie dei gamle riksvegnumrene.

I veglista er dei primære fylkesvegane (tidlegare riksvegar) lista opp først, utan deling på kommunegrensene. Deretter kjem vegane kommunevis (alfabetisk). For kvar kommune blir sekundære og andre fylkesvegar samla i starten, og til slutt kjem dei kommunale vegane.